

Sogndal Senterparti
v/gruppeleiar Laura Kvamme
6848 Fjærland

14.januar 2015

Landbruks- og matdepartementet
Pb 8007 Dep
0030 Oslo

postmottak@lmd.dep.no

Høyringsfråsegn konsesjonslova

Sogndal Senterparti meiner konsesjonslova, med buplikt og prisregulering for landbrukseigedomane, må oppretthaldast. Istadenfor å oppheve lova ønsker vi ein heilskapleg gjennomgang av eigedomslovverket med sikte på forbetringar.

Konsesjonslova skal sikre eit effektivt vern av landbruket sine produksjonsareal, sikre eigar- og bruksforhold som er mest tenlege for samfunnet og sikre busetjing gjennom buplikt for landbrukseigedom. Vidare skal konsesjonslova sikre ei forsvarleg prisutvikling, slik at det er mogeleg å kjøpe ein landbrukseigedom og forsvare kapitalkostnaden gjennom vanleg landbruksdrift.

Ei oppheving av konsesjonslova medfører mellom anna at styresmaktene mister verkemiddelet til

- **å styre omsetninga av produksjonsareal og ressursgrunnlag.** Dette gjeld m.a. kven som skal eige jorda (bønder, matkjeder eller investorar) og kva jorda skal nyttast til (matproduksjon, tilleggsjord eller bustader/næringsbygg).
- **gjennomføre buplikt og andre typar busettingsomsyn.** Buplikta er eit viktig distriktpolitisk verkemiddel. Bortfall av plikt til busetjing trur vi vil ha store negative konsekvensar for bygdesamfunn og for landbruket - og i neste omgang for reiselivsnæringa. Sogndal har fått konsesjonssøknader gjennom året, og administrasjonen bruker ikkje uforholdsmessig mykje tid på handheving av regelverket, slik det vert hevda.
- **å setje vilkår for kjøp av eigedomen,** som t.d. avståing av eit mindre areal som ligg mykje betre til rette for å bli brukt av eit nabobruk
- **å nytte priskontroll ved kjøp av landbruksressursar.** Å kunne erverve landbrukseigedom til ein pris som er driftsmessig forsvarleg, er vesentleg for å sikre rekruttering til landbruket. Å kunne handtere kapitalkostnaden gjennom vanleg landbruksdrift er vesentleg for langsiktig drift

Stortinget har vedteke at sjølvforsyninga skal aukast i takt med folkeveksten. Regjeringa har som mål høgast mogeleg sjølvforsyning. Å fjerne konsesjonslova legg til rette for investorar med andre intensjonar enn matproduksjon. Det er difor heilt feil å fjerne rammeverket som gjer det mogeleg å nytte alt jordbruksareal over heile landet til å produsere trygg og god norsk mat - og til å auke matproduksjonen i tråd med Stortinget sine vedtak.

Med venleg helsing
Sogndal senterparti / Laura Kvamme